



"Båt-drukning" i båthamna, utan storm denne gongen.....(Foto: Ola Matti Mathisen)

Mykje kan skje med ein båt i båthamna i Uskedalen sjølv om det ikkje bles storm. Like før helga har ein sjark som låg lengst ute på innsida av moloen dukka under.

Det er i hvert fall ikkje skjedd som eit resultat av kraftige vindkast og det er heller ikkje noko som tyder på at det

har vore nokon form for hærverk. Høyst sannsynleg er det ein ventil som har svikta, seier havnesjef Leon Gundersen til uskedalen.no.

Olje frå båten har spreidd seg rundt i båthamna, men Gundersen trur ikkje det betyr noko problem ettersom oljelaget er svært tynt.

No ventar eigaren på at ein båt med kran skal komma og heva båten og så får ein håpa at den ikkje har fått ålvorleg skade.